

Skisesongen er opna!



Fryder seg over vinteren i Friheim: Camilla og Ozzy

**Det er ei stund sidan skøytesesongen kunne starta i dalen, nærare bestemt på Fjellandsbøvatnet. I dag skriv vi 9. desember og også skisesesongen i Uskedalen er med dette opna!**


Den som opna han var hunde-entusiasten Camilla Jensen og ho gjorde det på to stader i dalen - i området ved kalkingsanlegget og på Friheim-jordene og området ved Fjellandsbøvatnet - i selskap med den australske gjetarhunden sin.

Grunnlaget for opninga var eit snøfall på rundt rekna 15 centimeter i går og natt til i dag i dei midtre og øvre delar av dalen. Nede mot fjorden er det berre eit tunt snølag, men meteorologane varslar meir snart.

Snøfallet er ikkje sensasjonelt stort på denne tida i Uskedalen, seier folket i Friheim. Det var derimot snøfallet som skjedde 10 dagar seinere i fjor og som ingen gløymer så lett. Då kom det rundt rekna 80 centimeter og det var nærmast kaotiske tilstandar. No blir det spanende å sjå om det held fram med snøfall og om det vert ein ny vinter lik den siste.

I Friheim har dei følt opptakta til ein kanskje ny streng vinter fleire veker allereie – med temperatur arunder 14 grader og lokal vasskrise. Brønnen vart turr og dei har køyrt vatn frå elva for å dekkja behovet til dei mange toog firbeinte samt gardsmatproduksjonen. Og det lokale e-verket har ikkje vore i drift på ein god stund.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Fryder seg over vinteren i Friheim: Bjørg Inga og Toja